

Protokoll
Regionrådet Nordhordland – fredag 22. mars 2019

Møte: 2-2019
Tid: Fredag 22. mars kl. 09:00 - 15:00
Stad: Meland rådhus, formannskapssalen

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland, Per Lerøy, Hallvard Oppedal, Stian Herøy, Tom Kristian Thorsen, Øyvind Oddekalv, Jostein Borlaug, Nina Bognøy
Rådmenn:	Jarle Landås, Jo Bjarte Tømmerbakke, Martin W. Kuliild, Nils Moldøen, Olav Mongstad, Ingvild Hjelmtveit
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Tonje Husum Aarland
Andre:	Sak 14/19: Randi-Loise Møgster, Helse Bergen Sak 15/19: Reidar Ulvøy, Kåre Torgeir Tvedt Sak 16/19: Silje Andvik Hoaas, Lindås kommune Sak 19/19. Bergen Reiselivslag: Anders Nyland og Frode Nergaard Fjeldstad Sak 20/19. Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland Sak 20/19: Kjell Kvingedal og Ole Bakkebø Fylkesmannen i Vestland Sak 21/19: Baste Tveito, Nordhordland Næringslag
Forfall:	Jarle Skeidsvoll, Astrid Aarhus Byrknes, Jon Askeland, Reidun Halland, Ørjan Raknes Forthun, Svein Helge Hofslundsengen

Sak 12/19	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 13/19	Godkjenning protokoll møte 1-2019 Møteprotokoll frå møte 1-2019 vart godkjent utan merknadar.
Sak 14/19	Orientering om situasjon ved KK Randi-Loise Møgster, viseadministrerende direktør Helse Bergen HF informerte om situasjonen ved KK som har vore aktuell i media siste tida. Møgster gjekk gjennom ulike tiltak som er iverksett med bakgrunn i tilsynssaka og gjennom eit omfattande analyseprosjekt. Dette er ein omfattande gjennomgang av drifta der ein bl.a. ser på bemanning, kvalitet, gjennomfører medarbeidarundersøking, vurderer faktiske forhold og ein samanliknar seg med andre sjukehus. Det vart gjort ei stor vurdering i 2015. Det er ikkje endringar i fødsjar og bemanning som skulle tilseia at det skulle vera noko ekstra bekymring no. Ho viste til det store tal fødsjar som er ved KK, og at det er eit lite tal som er misfornøgde. Men det er nokre enkelthistorier som ikkje har vore bra , og ho undrestreka at dei tar varsla og bekymringsmeldingane som er kome på alvor. Frå Regionrådet vart det vist til at forventa liggetid skal ned, og spørsmålet vil då vera korleis små kommunar skal greia å fylgja dei fødande godt nok opp? Det er viktig med trygghet. Ein ser og ei ny trend ved at fleire kvinner vel å reisa til Voss for å føda fordi dei der får liggja lengre og føler ein større trygghet ved det. Det er forskjell å bu i Bergen kontra langt ute i distriktet dersom noko skulle oppsto og ein har behov for akutt hjelp. Kommunane og Helse Bergen har tenesteavtalar og kanskje desse ikkje skal vera like, men tilpassa avstandar og geografi m.v.

	<p>Møgster viste til at dei faglege forløpa skal fylgjast, men ser at det kanskje kan vera behov for å skreddarsy meir. Bergen kommune har fått eit mandat til å utarbeida eit forløp der dei ser på kven som har ansvar for dei ulike tenestene i forløpet. Det kan kanskje vera aktuelt å sjå på ulike finansieringsmodellar i ei slik arbeidsfordeling.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande. Regionrådet ber om at saka vert fylgd opp i SU.</p>
Sak 15/19	<p>Orientering om U-864. Kåre Tvedt og Reidar Ulvøy informerte om forslaget dei samt Jan Harry Moldøen har til heving av U-864. Dei har alle over 40 års erfaring frå subsea verksemd. Presentasjonen har vore gjort for fleire av ordførarane / kommunane tidlegare.</p> <p>I presentasjonen (vedlegg) vart det vektlagt at dei ynskjer å byggja ein allianse av ulike selskap / nøkkelpersonell og ulik kompetanse innanfor subsea, og setja krav til operasjonell kompetanse. Dette er ikkje ein veldig krevjande operasjon samanlikna med det som elles vert gjort i Nordsjøen, og dersom bransjen slepp til, så kan dette løyast på ein trygg og mykje billigare måte enn det ein tidlegare har operert med.</p> <p>Regionrådet synest presentasjonen var svært interessant, og vil fylgja dette opp i møtet med Hordalandsbenken 26. mars og med Kystverket 27. mars.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande, og vil fylgja saka opp i møtet med Hordalandsbenken 26. mars og med Kystverket 27. mars.</p>
Sak 16/19	<p>Status for nye websider i kommunane Silje Andvik Hoaas orienterte om bakgrunnen for ny portalløysing og kva prosjektet har gjort for å få til best mogeleg resultat (vedlegg). Alle kommunane har lansert dei nye portalane. Det er no fokus på sjølvbetening, klart språk, digital dialog, sjølvbetening 24/7, preutfylling, personvern, innsyn, og det å styrkja lokaldemokratiet. For å lukkast med dette er det viktig at webredaktørane har tid og ressursar til å fylgja opp. Dei skal sikra at alt nytt stoff fylgjer retningslinene, dei skal rettleie alle som «eig» innhaldet og dei har mynde til å endra eller sletta stoff.</p> <p>Satsingsområde i 2019 er Min Side, eDialog, skjema, og fellestekstar for tekniske tenester. Hoaas var tydeleg på at det er no jobben byrjar. Oppfylging og vedlikehald er viktig, elles vert sidene fort dårlege. Dette krev ressursar.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orientering til vitande.</p>
Sak 17/19	<p>SLT-kontakt i Nordhordland. Per Lerøy viste til at det i politirådet er kome spørsmål om samordning av SLT-kontakt i Nordhordland. Etter samtale med lensmann Kjell Idar Vangberg føreslår ein at det vert etablert SLT-kontakt i Alver fyrst, og at ein deretter ser an behovet for dei andre kommunane, eller om ein kan sjå det i samanheng.</p> <p>Vedtak: Regionrådet er eining i at ein får SLT-kontakt på plass i Alver fyrst, og at ein deretter ser an behovet for dei andre kommunane.</p>
Sak 18/19	<p>Praksis når det gjeld innkrevjing av avgift til NGIR i kommunane i regionen. Per Lerøy viste til at det er tatt opp i politirådet at politiet meiner dei nyttar mykje tid til å driva inn ikkje betalte renovasjonsutgifter, og at det vert starta unødvendige prosessar med t.d. tvangssal av eigedomar. Lensmannen vil senda brev til NGIR og kommunane med oppmoding om å sjå på praksisen for inndring av renovasjonsavgift.</p>

	<p>Vedtak: Regionrådet er einig i at ein må finna ein betre og meir ressursvenleg måte å løysa innkrevjing av ikkje betalte renovasjonsavgifter på, og støttar at lensmannen sender brev til NGOIR og kommunane om dette.</p>
Sak 19/19	<p>Informasjon frå Bergen Reiselivslag om ny strategiplan og status for samarbeidet Reiselivsdirektør Anders Nyland og Frode Nergaard Fjeldstad informerte om den nye strategiplanen for Bergen Reiselivslag. I presentasjonen (vedlagt) vart det vektlagt at strategien er at innbyggjarperspektivet er like viktig som turisten. Målet er ein lønsam og bærekraftig heilårs destinasjon. Dei fire verdiane er open, ambisiøs, modig og me bryr oss. Merkevarenamnet er Bergen, men innhaldet består av alle kommunane og produkta dei tilbyr. Plattforma for alt ein gjer skal vera FNs bærekraftmål, og ein har valt ut fem strategiske vegval for regionen med 21 konkrete tiltak.</p> <p>Bergen reiseliv inviterer medlemmene til samarbeid om fem konkrete område; arrangement, møte/kongress (helårsdestinasjon), bærekraft, vinterkonsept og brand Bergen (må fortelja dei same historiene / støtta opp under kvarandre).</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 20/19	<p>Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Vegen vidare (vedlegg) Det var sendt ut ei saksutgreiing med møteinnkallinga. I saksutgreiinga er det føreslått at innsamling og strukturering av faktagrunnlaget for ein interkommunal sjøarealplan startar opp i 2019 og at den formelle planprosessen vert starta opp i 2020. Saksutgreiinga hadde følgjande forslag til vedtak: <i>«Regionrådet er positive til at det vert starta opp arbeidet med å innhente kunnskap som kan vera eit grunnlag for ein interkommunal plan sjøareala i Nordhordland. Den formelle planprosessen for interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland vert starta opp i løpet av 2020.»</i></p> <p>Miljødirektør Kjell Kvingedal og Ole Bakkebø frå fylkesmannen hadde bedt om å få koma i Regionrådet for å bidra til at ein prosess kring interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland no kjem i gong. Bakkebø viste til historia – og at regionen tidlegare gjennom to søknadsrundar har fått skjønsmidlar frå fylkesmannen for å laga ein denne planen. Til saman er regionen tildelt kr 1 100 000 til denne prosessen, i tillegg har Masfjorden og Lindås fått kr 300 000 til ein avgrensa prosess. Prosessen stoppa imidlertid opp hausten 2017 grunna at det vart for krevjande å starta ein PBL-prosess samtidig med kommunesamanslåingsprosessen til Alver. Heller ikkje Masfjorden og Lindås er kome i gong med den prosessen.</p> <p>Status i dag er at midlane ligg der, det er ikkje tema å trekka skjønsmidlar tilbake, men fylkesmannen er klar på at planen bør kome i gang snarast. Ein må gå tilbake til utgangspunktet, få avdekkja utfordringane og kva som bør løysast. Midlane til Masfjorden og Lindås bør inngå i same prosjektet. Kvingedal viste til trafikklyssystemet og til at regionen ligg i raudt. Han meinte at for å koma i gong no, så kan ein snu litt på normale prosessar, og tilrår derfor at kommunane saman startar med å laga eit kunnskapsgrunnlag for ein interkommunal plan for sjøareal.</p> <p>I diskusjonen i Regionrådet var ein einige om at det hastar med å få på plass ein interkommunal plan, men at det er fornuftig å innhenta kunnskapsgrunnlaget fyrst. Så får ein ta den formelle planprosessen etterpå- Masfjorden og Lindås gav signal om at dei vil starta opp sin planprosess uavhengig av den andre prosessen.</p> <p>Vedtak: Regionrådet er positive til at det vert starta opp arbeidet med å innhente kunnskap som kan vera eit grunnlag for ein interkommunal plan sjøareala i Nordhordland. Regionrådet ber administrasjonen jobba vidare med saka.</p>

Sak 21/19	<p>Rapport «Kompetanse og utdanning i Nordhordland Strukturer, samarbeid og erfaringar frå regionen» (vedlegg)</p> <p>Baste Tveito informerte om Rapport «<i>Kompetanse og utdanning i Nordhordland. Strukturer, samarbeid og erfaringar frå regionen</i>». Dette har vore eit samarbeidsprosjektet mellom Nordhordland Næringslag og Regionrådet ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS. UIB fekk ansvar for prosjektgjennomføringa.</p> <p>Baste Tveito gjekk kort gjennom rapporten og la bl.a. vekt på at den viser at det ikkje er tilstrekkeleg fokus på framtidens næringsliv og at det er næringslivet sine behov som må vera dimensjonerande for korleis utdanninga skal innrettast. Ei utfordring er at nye tilbod har for kort tidshorisont og at det tar tid og kostar pengar å etablera nye tilbod.</p> <p>Rapporten viser også at Elektro må opp med fleire læreplassar, og at digitalisering og automatisering må inn i dei faga som allereie er. Meir praksis gir betre karakterar. I dag er 10 % av 18 års kullet er registrert på NAV.</p> <p>I diskusjonen vart det peika på at det er viktig at rapporten vert tatt med vidare til fylket, og at regionen brukar rapporten aktiv overfor fylket. Dette er viktig med tanke på nye investeringar og dimensjonering / nye liner.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 22/19	<p>Orienteringssaker:</p> <p>Kontaktutvalet Nordhordlandspakken Øyvind Oddekalv og Rune Heradstveit informerte kort frå status i kontaktutvalet.</p> <p>Magasin Nordhordland Øyvind orienterte om sak vedr. magasinbehov i Nordhordland. Nordhordland må ta opp med Hordaland fylkeskommune korleis dei har fylgd opp rapport «Dokumentasjons- og innsamlingsplan for Nordhordland» som kom i 2014. Regionrådet ber Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling fylgja opp saka.</p> <p>Anna Kort informasjon får utvala, Alverkommunane og randkommuneprojektet.</p>
Sak 23/19	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Skyss. Dialogmøter Nils Moldøen viste til at Regionrådet i møte 5-2018 vedtok å invitera Skyss til årlege møte i Regionrådet, eller når situasjonen tilseier det. Dette for å orientera om aktuelle saker som t.d. ruteendringar, men og for å ha dialog i forkant og ikkje berre når problem har oppstått. Moldøen meinte at eit overordna mål må vera å koma i god dialog med Skyss, og aktuelle tema no kan bl.a. vera skuleskyss til våre vidaregåande skular. Dette dreier seg om å gje ungdommane gode vanar når det gjeld å reisa kollektivt, miljø og trafikktryggleik, styrking av nærskulane og reduksjon i fråfallet frå dei vidaregåande skulane.</p> <p>Rune Heradstveit viste til at Skyss har tatt kontakt med administrasjonen for å avtala møte med Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden grunna litt endringar frå nyttår når nye elektriske ferjer kjem i sambanda Sævrøy-Fedje og Leirvåg - Sløvåg. Tema vil vera harmonisering/justering av ferje og bussruter. Heradstveit føreslo at ein prøver å få til eit møte fredag 12. april kl. 12:00.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ber administrasjonen invitera Skyss til møte i Regionrådet 10. mai eller ved eit seinare møte for å gje generell orientering, ta opp dette med skuleskyss, samordning med Kringom frå 2020 samt ha dialog om korleis ein best jobbar saman.</p>

<p>Utkantkonferansen. Rune Heradstveit minna om Utkantkonferansen 1. april og at det er utvida påmeldingsfrist.</p>
<p>Region Nordhordland Helsehus Rune Heradstveit informerte om at ein likevel legg til rette for framtidig røntgen i helsehuset. Dette bl.a. fordi folk er opptekne av det og at faglege vurderingar er i ferd med å endra seg. Det er også kjekt å fortelja at arbeidet med å få avtalespesialister til Nordhordland er byrja å lukkast. Helse Vest HF har plassert ein heimel for hjartespesialist til helsehuset.</p> <p>Regionrådet var svært godt fornøgd med dette.</p>
<p>Møte med Hordalandsbenken Tema for møtet med Hordalandsbenken 26. mars vart drøfta. Tema ein ynskjer å ta opp er U-864, NTP / E39, nasjonal økonomisk bidrag biosfæreprosjektet, vedlikehald fylkesveggar og Masfjordbrua.</p>
<p>Styremøte med Helse Bergen HF 8. mai Helse Bergen HF har lagt styreseminar til Nordhordland 8. mai. Regionrådet er invitert til å delta på ei økt. Rune Heradstveit bad Regionrådet koma med forslag til tema og saker til denne økta.</p>
<p>Anna Oversikt over nøkkeltal og utvikling 2018 og folketal og demografi vedlagt.</p>

Knarvik, 22. mars 2019

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 15/19 Presentasjon heving av U-864
- Sak 16/19 Presentasjon portalprosjektet
- Sak 19/19 Presentasjon strategiplan Bergen reiselivslag
- Sak 20/19 Presentasjon Interkommunal plan for sjøareal
- Sak 21/19 Presentasjon Samarbeid mellom skule og arbeidsliv
- Sak 21/19 Rapport «Kompetanse og utdanning i Nordhordland. Strukturer, samarbeid og erfaringar frå regionen»
- Sak 23/19 Program Utkantkonferansen 2019
- Sak 23/19 Region Nordhordland, folketal og demografi
- Sak 23/19 Region Nordhordland, nøkkeltal og utvikling 2018